



Referat

STYREMØTE I SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Møtedato: Måndag 1. september 2025

Tidspunkt: kl. 15.00, Saunesmarka.

Styremedlemmer:

Anne Holstad
Christoffer Eiken
Camilla Storøy
Arnulf Goksøyr
Anne Marte Beitveit – meldt forfall
Oskar Grimstad
George Fulford

Frå administrasjonen møte:

Dagleg leiar Andrea Øien Sæverud, økonomisjef Gunn Røyset og driftsleiar Rune Tarberg (sistnemnde orienterte under sak S27/25).

Sakliste – vedtakssaker:

SAK S23/25

Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner innkallinga og saklista

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjente innkallinga og saklista

SAK S24/25

Godkjenning av referat

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner referatet frå sist styremøte.

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjente referatet frå sist styremøte.

SAK S25/25

Perioderekneskap per april 2025

SSR hadde ei total omsetning per juni på 39,7 mill. Dette er fordelt med med 28 mill på hushald, 9 mill på næring og 2,7 mill på slam totalt.

Driftsresultatet pr juni var på 3,5 mill mot eit budsjett på 1,6 mill.

Netto finanskostnadar var på 2,2 mill, mot eit budsjett på 2 mill.

Resultatet pr juni var etter dette på 1,3 mill i pluss, mot eit negativt budsjett på kr.482.000.

Sjå vidare utdjuping og kommentarar i vedlegga (unntatt offentlegheit, jfr. offentleg-lova § 14, første ledd):

Desse vedlegga høyrer til saka:

- Resultat hushald per juni 25
- Resultat næring per juni 25
- Resultat slam juni 25
- Kommentarar til perioderekneskap per juni 25

Tilråding til vedtak: Styret tek perioderekneskapen per juni til vitande.

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret tok perioderekneskapen pr juni til vitande.

SAK S26/25

Prognose

Desse vedlegga høyrer til saka:

- Prognose hushald per juni 25
- Prognose næring per juni 25
- Prognose slam per juni 25
- Kommenterar til prognose per juni 25

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner prognosen.

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjente prognosen.

SAK S27/25

Status vedlikehaldskostnader

Som etterspurt sist styremøte, orienterte driftsleiar nærmare om skader, reparasjonar og vedlikehald så langt i år, og viste døme på skadar på anlegget.

Tilråding til vedtak:

Styrehandsaming: Ulike tiltak for å forhindre skade på bygg og anlegg samt bil- og utstyrspark vart diskutert. Ein del av kostnadane er knytt til faste kontrollar/sertifiseringar på bilar og utstyr. Det vil bli sett opp oversikt over kor mykje dette utgjør.

Vedtak: Styret ber administrasjonen arbeide vidare med problemstillinga, både med tanke på haldningar og kultur, men også konsekvensar for og oppfølging av den enkelte arbeidstakar.

SAK S28/25

Strategi 2025-2028

Administrasjonen ønskte seg tilbakemeldingar på utsendt utkast slik at strategien er klar til vedtak på neste styremøte. Sjå vedlegg.

Tilråding til vedtak:

Styrehandsaming: Utkast til ny strategi vart gjennomgått. Styret anerkjente arbeidet som var gjort, og kom med nye innspel som vil bli innarbeidd i planen.

Vedtak: Innspel frå styret til strategiplanen blir innarbeidd til styremøtet 20. oktober.

Sakliste – orienteringssaker:

Sak 29/25 Produsentansvarsordningar og nytt regelverk

Sjå oppsummering i vedlegget *Status nytt regelverk og produsentansvarsordningar* (unntatt offentlegheit, jamfør. offentleg-lova § 14, første ledd).

Sak 30/25 Øvrige orienteringssaker

- Arealbehov framover
- Arbeid med kravspesifikasjon for ny renovasjonsbil

Andrea Øien Sæverud
Dagleg leiar

George Fulford
styreleiar